



Notat

Dato: 05.04.2018
Arkivsak: 2018/7812-2
Saksbehandlar: stiaas9

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedk. praksiskandidatopplæring

Fylkesrådmannen viser til følgjande innsend spørsmål frå Torgeir Toppe og Alexander Fosse Andersen:

«I årsrapporten fra Voksenopplæringen ser vi at det er en nedgang på 19% når det gjelder voksne som deltar på praksiskandidatordningen i regi av HFK. Regjeringens kompetansepolitiske råd peker på viktigheten av at små og mellomstore bedrifter og offentlige virksomheter har en tett og nær dialog med opplæringstilbyder av formelle utdanninger. Spesielt pekes det på fagopplæring og fagskoleopplæring. Kompetansepolitisk råd mener det er viktig å sikre rekruttering til utdanningene og å sikre at flest mulig ufaglærte arbeidstakere får muligheten til å få seg en fagutdanning.

Hvordan organiserer og gjennomfører Voksenopplæringen sin virksomhet på disse to opplæringsnivåene, og hvordan samarbeider Voksenopplæringen med næringslivet og offentlige virksomheter for å gjøre utdanningstilbudene kjent? Hvordan sikres det at små og mellomstore bedrifter blir gjort kjent med opplæringstilbudene og at de finner rom for å tilby kompetanseheving for sine ansatte? Er det mange bedrifter i Hordaland som ønsker å tilby kompetanseheving, men som ikke har mulighet til det?»

Innleiing

Hordaland fylkeskommune ønskjer å gje eit vidaregåande opplæringstilbod for vaksne som, så langt råd, omfattar heile målgruppa vaksne. Erfaringar viser at dei skulebaserte yrkesfaglege tilboda for vaksne i liten grad rekrutterer yrkesaktive ufaglærde vaksne.

- Ein del av løysinga har vore å vidareutvikla dei tradisjonelle yrkesfaglege tilboda til praksiskandidatar, og samstundes ta aktivt del i utviklinga av forsøksprosjektet, Fagbrev på jobb, som ein ny veg til fagbrev. Medverknad frå arbeidsgjevar er vesentleg både i rolla som motivator for å dei ufaglærte til å koma i gang med opplæringa, og som tilretteleggjar for opplæringa m.o.t. tid, tidspunkt, arbeidsoppgåver i tråd med teoriopplæringa, og ikkje sjeldan bidragsytar på lærar- / instruktørsida saman med lærar frå vaksenopplæringsssenteret. Hordaland fylkeskommune har valt å vidareføra dette tilbodet som del av det vidaregåande tilbodet til vaksne, og har i nokon grad lukkast med å nå den yrkesaktive delen av vaksenopplæringa si målgruppe.
- Vaksenopplæringa må elles vidareutvikla tilpassinga av det skulebaserte yrkesfaglege tilbodet slik at dette kan verta attraktivt og gjennomførleg for den same målgruppa.

Vi viser elles til den politiske saka om tilbudsstruktur vidaregåande opplæring for vaksne 2018 / 2019, Fylkesutvalet sak 47/2018

Svar på spørsmåla fortløpande

Spørsmål 1

Hvordan organiserer og gjennomfører Voksenopplæringen sin virksomhet på disse to opplæringsnivåene og hvordan samarbeider Voksenopplæringen med næringslivet og offentlige virksomheter for å gjøre utdanningstilbudene kjent?

Det første spørsmålet omfattar også fagskulenivået. Det vert i denne samanheng peika på at fagskuleutdanning ikkje er organisert under vaksenopplæring. Hordaland fylkeskommune er eigar av Fagskolen i Hordaland, og skulen har eit styre som øvste styringsorgan. Fagskolen i Hordaland tilbyr utdanningar både på heiltid og på deltid. Tilboda som vert gjennomført på deltid, er tilrettelagt for personar som er i arbeid både på land og offshore. Nokre av heiltidsutdanningane er også organisert slik at dei kan kombinerast med turnusarbeid. Fagskolen i Hordaland samarbeider tett med arbeidslivet innanfor skulen sine fagområde, og både utvikling av nye tilbod og vidareutvikling av tilbod vert gjort i samarbeid med arbeidslivet. Dette bidreg til at fagskulen sine utdanningar er forankra og kjende i arbeidslivet.

Vidaregåande opplæring for vaksne i Hordaland fylkeskommune er som kjent bygd opp om fem vaksenopplæringsssenter, organisert som avdelingar ved respektive vidaregåande skular, jf Fylkestinget sak 45/2015.

Vaksenopplæringsssenter	Region
Vo-senter ved Åsane vidaregåande skole	Nordhordland, Bergen, Midthordland
Vo-senter ved Bergen katedralskole	Nordhordland, Bergen, Midthordland
Vo-senter ved Sotra vidaregåande skule	Vest
Vo-senter ved Voss gymnas	Voss og Hardanger
Vo-senter ved Stord vidaregåande skule	Sunnhordland

- Alle sentra har ein løpande kontakt med kommunane, i eigenskap av arbeidsgjevar og instans for flyktningar, og med fellesorgan i det interkommunale samarbeidet. Vaksenopplæringsssentra ved Åsane vidaregåande skole og Bergen Katedralskole har det største nedslagsfeltet og dermed mest ugjort på området.
- Dei tre distriktssentra er også komne lengst i å utvikla god kontakt med private verksemder ved samarbeid direkte mot respektive bedrifter, og ved møte i næringsretta samarbeidsfora.
- Nettverksskulane, dvs dei samarbeidande vidaregåande skulane til vaksenopplæringsssentra, fungerer som kontaktpunkt ut mot sine område. Til dømes gjennomførde Fusa vidaregåande skule eit Fagbrev på jobb-prosjekt innan akvakulturfaget knytt opp mot vaksenopplæringsssenteret ved Åsane vidaregåande skole. Ein kunne her nytta Fusa vidaregåande skule sitt kontaktnett inn mot oppdrettsnæringa.
- Tema for møta mellom vaksenopplæringsssenter og privat og offentleg sektor er
 - informasjon om vaksentilbodet
 - behov / etterspurnad etter kompetanse
 - tilpassing av tilboda
 - eventuelt samarbeid om gjennomføring

Spørsmål 2

Hvordan sikres det at små og mellomstore bedrifter blir gjort kjent med opplæringstilbudene og at de finner rom for å tilby kompetanseheving for sine ansatte?

Fagskolen i Hordaland marknadspfører sine tilbud i ulike kanalar, men har også eit samarbeid med bransjeforeiningar som når ut til både små og mellomstore verksemder. Fagskulen sine deltidsutdanningar er organisert med eit gitt tal på samlingar i løpet av året etter ønskje frå næringa, slik at det skal vere mogleg å kombinere jobb og utdanning.

Vaksenopplæringa har ingen andre særskilde formelle tiltak overfor SMB, ut over det vi viser til under spørsmål 1. Generelt vert opplæringstilbodet gjort kjent over fylkeskommunens og respektive senters nettsider, Facebookside, digital og analog annonsering.

- Fylkeskommunens tilbud om vidaregåande opplæring for vaksne er elles i ferd med å verta kjent. Det inneber også at kjennskap til dei 5 vaksenopplæringssentra og det samla tilbodet dei representerer er i ferd med å «setta seg» i privat og offentleg sektor. Det er verd å nemna to klassiske og konkrete døme på slik «spreiing». I tilfellet vaksenopplæringssenteret Stord vidaregåande skule, har Bremnes Seashore AS, som proaktiv læringsbedrift, mobilisert heile klynga av oppdrettsverksemder i Søre Sunnhordland til opplæringstiltaket i akvakulturfaget som starta i januar 2018. I tilfellet vaksenopplæringssenteret Sotra vidaregåande skule har nógde deltakarar frå tilbodet i sjømatproduksjon i 2017 gått tilbake og mobilisert heile verksemda, Lerøy-Fossen as, til nytt opplæringstilbod januar 2018, denne gong gjennomført på Osterøy.
- Vaksenopplæringa har gjort eit poeng av å følgja den delen av arbeidet på vaksenopplæringssentra som går med til informasjon og studierettleiing av vaksne og verksemder. Denne «løpande brukarkontakten» talde i 2016 om lag 29.000 kontaktar. Av det samla kontaktvolumet var vel 3800 / 13% kontaktar frå verksemder og institusjonar i privat og offentleg sektor. (2017-tala kjem med det første.)

Dei vidaregåande skulane ved sine vaksenopplæringssentra er i ferd med å verta kompetansesentra for vidaregåande opplæring også for vaksne og for arbeidslivet i respektive regionar. For fylkeskommunen inneber det samla opplæringstilbodet både ei fagleg / pedagogisk utvikling av skulen og betre utnytting av dei ressursane skulen som kunnskapsinstitusjon representerer.

Spørsmål 3

Er det mange bedrifter i Hordaland som ønsker å tilby kompetanseheving, men som ikke har mulighet til det?

Som vi har peika på i teksten ovanfor er det fleire verksemder som har deltakarar i ulike yrkesfaglege opplæringstilbod, som også går inn i lærar- og instruktøroppgåver. Vaksenopplæringssentra rekrutterer elles «eksterne» fagpersonar frå andre verksemder. Det «eksterne» fagmiljøet og lærarmiljøet ved skulen gjev høve til ei gjensidig fagleg pedagogisk utvikling.

I den grad spørsmål 3 viser til private vidaregåande skular, studieforbund o.a. har opplæringsavdelinga så langt hatt merksemda retta mot å bygga opp infrastrukturen av vaksenopplæringssentra slik det går fram av fylkestinget sitt vedtak, sak 45/2015. Det er soleis ikkje gjennomført noko vurdering av eventuelt å nytta alternative opplæringsaktørar innanfor det offentlege opplæringstilbodet.